



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for plan og næring

Møtedato: 05.02.2014

Sak nr.: 13/7192-4

Internt l.nr.: 4711/14

Sak: 5/14

Tittel: Innspel til jordbruksforhandlingane 2014

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei vurderingar og synspunkt som ligg i fylkesrådmannen si saksutgreiing og legg opp til at denne vert sendt inn som vår fråsegn i høve jordbruksoppgjere for 2014.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet, Høgre og Venstre sette fram slikt tillegg:

Framstegspartiet, Høgre og Venstre støttar framlegg til vedtak, men fremjar følgjande tilleggframlegg:

Jordbruksavtalesystemet med sine pris- og marknadsreguleringar og tilknytta regelverk har over ein lenger periode gitt ei svært negativ utvikling for det norske landbruket. Landbrukspolitikken har medført ei halvering av tal produsentar på 20 år, så mange som 34 000 gardsbruk står i dag tome, og det er omfattande problem med attgroing i mange bygder. Landbrukspolitikken har medført ein dårleg inntektsutvikling for næringa, og det er få matprodusentar som i dag hentar hovuddelen av si inntekt frå garden. For forbrukarane fører dagens landbrukspolitiske rammeverk til høge matvareprisar og dårleg vareutval i forhold til våre naboland. Kostnadane ved det jordbrukspolitiske systemet med store overføringar over statsbudsjettet rammar og forbrukarane gjennom høge skattar.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det er viktig å styrkje bøndene sin næringsfridom, ved å mjuke opp rigide produksjons- og marknadsreguleringar som avgrensar produsentane sine moglegheiter til å utvikle produksjonen. Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner vidare at fri etablering i alle produksjonar må gjenopprettast og ein vil berre behalde produksjonsbegrensningar som sikrar miljø og eit godt dyrevern. Færre reglar og reguleringar for landbruket vil bety større utviklings- og inntektsmoglegheiter enn dagens regulerte rammebetingelsar gjer grunnlag for.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det er eit betydeleg potensial for forenkling og avbyråkratisering i landbrukspolitikken. Det er urovekkjande at det i 2008 var 21 bønder for kvar landbruksbyråkrat, mens det tilsvarande talet i 1965 var 85. I dag vert over 4 milliardar brukt på landbruksbyråkratiet, og dette er etter Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt syn alt for mykje. Ein må leggje opp til ei kraftig forenkling og avbyråkratisering i landbruket.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner at det må etablerast likeverdige konkurransevilkår mellom TINE og andre aktørar i meierisektoren. Fylkeskommunen ber om at det vert etablert eit juridisk og eigarmessig skilje mellom marknadsregulator og TINE ved at oppgåvene som marknadsregulator vert lagt til eit eige offentleg eigd selskap eller Statens Landbruksforvaltning. Dette vil også fjerne ein del av behovet for etterkontroll, sidan TINE-konsernet sitt incentiv til kryssubsidiering ikkje lenger ville vore tilstades.

Avrøysting:

Framlegget frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

Framlegg frå Framstegspartiet, Høgre og Venstre fekk 3 røyster, Bjørn Hollevik, Klaus Iversen og Britt Dalbotten, og fall

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei vurderingar og synspunkt som ligg i fylkesrådmannen si saksutgreiing og legg opp til at denne vert sendt inn som vår fråsegn i høve jordbruksoppgjæret for 2014.